

# **VEDLEGG 1:**

Vedlegg til løyve gitt av Fylkesmannen i Telemark

# **VILKÅR**

## **LØYVE TIL DRIFT AV LANGMOEN AVFALLSANLEGG I NISSEDAL KOMMUNE**

**Dato: 11.01.06**

---

## **INNHALD:**

<b>1. AVGRENSNING AV LØYVE</b>	
1.1 Tillate mengde avfall tilført deponiet totalt og årlig.....	s. 3
1.2 Arealavgrensning.....	s. 3
1.3 Avfall som kan deponerast .....	s. 3
1.4 Krav til utsortering av organiskavfall.....	s. 3
1.5 Avfall som ikkje skal deponerast.....	s. 4
<b>2. KRAV TIL HANDSAMING AV SPESIELLE AVFALLSTYPAR</b>	
2.1 Avlaupsslam.....	s. 4
2.2 Hage/ parkavfall.....	s. 4
2.3 Oljehaldig avfall.....	s. 5
2.5 Farleg avfall.....	s. 5
<b>3. TEKNISKE KRAV</b>	
3.1 Avfallskontroll.....	s. 6
3.1.1 Mottak av avfall - kontroll	
3.1.2 Registrering	
3.2 Driftstiltak.....	s. 6
3.2.1 Sortering	
3.2.2 Komprimering	
3.2.3 Overdekking	
3.2.4 Informasjon	
<b>4. SIKRINGSTILTAK</b>	
4.1 Sikring mot vassforureining.....	s. 7
4.1.1 Sigevatnreduserande tiltak	
4.1.2 Botnetting	
4.1.3 Skjerming mot utslepp til grunnvassona under deponiet	
4.1.4 Kontroll- og overvåkingsprosedyrer i drifts- og etterdriftsfase	
4.2 Sikring mot gassutslepp og luktulemper.....	s. 8
4.2.1 Deponigass	
4.2.2 Lukt	
4.3 Sikring mot ulemper i nærmiljøet.....	s. 8
4.3.1 Tryggleik	
4.3.2 Innsyn	
4.3.3 Støy	
4.3.4 Flygeavfall	
4.3.5 Fugl og skadedyr	
4.3.6 Støv	
4.3.7 Beredskap ved uhell	
<b>5. KVALITETSSIKRING</b>	
5.1 Planar og instruksar.....	s. 9
5.2 Driftskontroll ved slamhandsamingsanlegget.....	s. 10
5.3 Kvalitetssikring av prøvetaking og analyse.....	s. 10
<b>6. FNANSIELL GARANT</b> .....	s. 10
<b>6. RAPPORTERING</b> .....	s. 10

# 1. AVGRENSNING AV LØYVE

## 1.1 TILLATE MENGE AVFALL TILFØRT DEPONIET TOTALT OG ÅRLIG

Samla volum av avfallsdeponiet skal ikkje overstige 90.000 m<sup>3</sup>. Volum av avfall, dekkmasse og avslutning reknast inn i dette volumet. Det skal ikkje deponerast meir enn 12.000 tonn restavfall pr. år. Anlegget kan også ta i mot slam frå avlaupsreinsanlegg for avvatning og kompostering. Tillate mengde uavvatna avlaupsslam er 2000 tonn pr. år og tillate mengde avvatna avlaupsslam er 2000 tonn pr. år.

## 1.2 AREALAVGRENSING

Avfallsanlegget og deponiområdet skal avgrensast som vist i situasjonsplan tegning nr. E-1 datera 19.10.05 oversendt Fylkesmannen 27.10.05. Høgste punktet på ferdig avslutta deponi skal ikkje være høgare enn kote 180. Hellinga på sidene i avslutta deponi skal ikkje være større enn 1:5.

## 1.3 AVFALL SOM KAN DEPONERAST

Det er kun tillate å deponere restavfall frå fylgjande avfallskategoriar i tråd med definisjonane i ureingjeringslova:

1. Hushaldningsavfall
2. Næringsavfall

Med restavfall meiner ein avfall som ikkje kan nyttiggjerast på anna måte, etter størst mogleg grad av utsortering av følgjande fraksjonar;

?? papp, papir og drikkevarekartong	?? metall
?? våtorganisk avfall (matavfall)	?? farleg avfall
?? hage- og parkavfall	?? attvinnbar plast
?? trevirke	?? tekstilar, klær og sko
?? glas	

Ved mottak av heilt spesielle avfallstypar vil fylkesmannen vurdere å gi løyve i det einskilde høve etter søknad.

## 1.4 KRAV TIL UTSORTERING AV ORGANISK AVFALL

Restavfall som går til deponering skal innehalde minst mogleg biologisk nedbryteleg organisk avfall som kan gjennomgå anaerob eller aerob nedbrytning, til dømes mat- og hageavfall, papir, kartong og trevirke. Målsetninga skal være at restavfall som går til deponering skal innehalde maksimum 20% organisk nedbryteleg avfall.

Det er forbod mot å deponere våtorganisk avfall. Det er den delen av det organiske avfallet som er biologisk lett nedbryteleg.

Våtorganisk avfall omfattar avfallstypar som matavfall frå private hushaldningar og frå storhushaldningar (storkjøkken, restaurant- og hotellbransjen, m.v.), fiskeavfall frå fiskeri- og

oppdrettsnæringen, lett nedbryteleg organisk avfall frå næringsmiddelindustri og annen verksemd som handterer eller omsetter næringsmidlar, deler av hage- og parkavfallet, biologisk slam frå reinseanlegg for industriavløp samt avløpsslam.

## 1.5 AVFALL SOM IKKJE SKAL DEPONERAST

Følgjande avfallstypar og fraksjonar vert ikkje tillate **deponera** i avfallsfyllinga:

1. Matavfall og anna våtorganisk avfall, jfr. vilkår 1.4
2. Hage- og parkavfall, samt anna lett nedbryteleg materiale
3. Trevirke, papir og kartong
4. Avlaupsslam som tilfredstiller kvalitetskrava for bruk av slam, jfr. Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav
5. Farleg avfall, jfr. kap. 11 i avfallsforskriften
6. Kasserte elektriske og elektroniske produkter, jfr. kap. 1 i avfallsforskriften
7. Alle typar heile kasserte dekk og kverna kassera dekk med unntak av sykkeldekk, jfr. kap. 9 i avfallsforskriften
8. Flytande avfall og slam med TS mindre enn 20 %
9. Smittefarleg avfall frå medisinsk eller veterinærmedisinsk verksemd
10. Metallavfall av noko storleik, f.eks. kvitevarer, jernskrap, sykklar, bildelar eller tilsvarande.
11. Eksplosivt avfall
12. Etsande-, oksiderande- eller brannfarleg avfall
13. Radioaktivt avfall

## 2. HANDTERING AV SPESIELLE AVFALLSTYPAR

### 2.1 AVLØPSSLAM

Det vert tillate mottak og handsaming av inntil 2.000 tonn avvatna og 2000 tonn uavvatna avlaupsslam pr. år på eige opparbeida område på avfallsanlegget. Sigevatn frå område for avvatning og kompostering av avlaupsslam kan infiltrerast direkte i grunnen.

#### Handsamingsanlegg

Anlegget kan ta imot avvatna slam frå slamlaguner, mobilt avvatningsaggregat og kommunale renseanlegg. Avlaupsslam som vert tilført kompostanlegget og/ eller mellomlager skal ha eit tørrstoffinnhald på minimum 20 %. Anlegget skal ha kapasitet til å handsame og lagre ei slammengd tilsvarande minimum tre års produksjon. Avlaupsslam som etter handsaming ikkje tilfredstiller kvalitetskrava i gjeldande forskrifter kan deponerast på fyllplassen. For overvaking av drifta ved anlegget syner vi til kap. 5.2 om driftskontroll.

Uavvatna avlaupsslam vert tillate avvatna i eigne avvatningslaguner i dei stedlege lausmassane.

#### Krav til ferdig kompost

Det er ein føresetnad for løyvet til behandling av avlaupsslam at ferdig kompost vert nytta som eit produkt. Slammet skal tilfredstille krava som er gitt i forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav. Alle gjødselvarer (kompostprodukter) som er basera på avfall skal være godkjend før dei marknadsførast og omsetjast. Det er Mattilsynet som gjev ei slik godkjenning.

### 2.2 HAGE/ PARKAVFALL

Avfallsanlegget skal ha anlegg for mottak, lagring og kompostering av hage- og parkavfall, samt anna trevirke. Komposteringsanlegget skal skjermast mot at overvatn kjem i kontakt med komposten. Sigevatn frå anlegget kan infiltrerast direkte i grunnen.

### 2.3 OLJEHALDIG AVFALL

Oljehaldige massar med eit oljeinnhald som er lågare enn 5 %, vert tillate deponert i eigne separate deponeringseiningar på eit spesielt avsett og avgrensa område på fyllinga, jfr. "Håndbok i deponering av oljehaldig avfall", TA 586, frå SFT. Avfallet skal leggjast på ei bark- eller flisseng som er minimum 20 cm djup , og lagrast i minimum 2 sommarmånadar. Området bør vere stort nok til minst eit års mottak av oljeavfall. Oljeavfallet skal ikkje komprimerast.

### 2.4 FARLEG AVFALL

Farleg avfall, jfr. avfallsforskriften kap. 11, vert ikkje tillate deponert på avfallsplassen. Motteke avfall skal handterast i samsvar med forskriftene. Farleg avfall skal lagrast i eigna, tett container, som skal vere avlåst.

For nokre særskilde typer farleg avfall er det gjort unntak frå forbodet mot deponering på avfallsplassen. Fylkesmannen gjev midlertidig løyve til at følgjande avfallstypar kan takast i mot på avfallsplassen og handsamast/ deponerast på fastsette vilkår;

?? Asbesthaldig avfall; "Kassert utstyr som inneheld fri asbest", EAL kode 160212 og "Asbesthaldig isolasjonsmateriale", EAL kode 170601.

?? Brukt blåsesand; frå blåsing av material belagt med kadmium, bly, arsen, kobbar eller tinnforbindingar, EAL kode 120116, samt blåsesand som omfattast av kriteriana i vedlegg 3 i avfallsforskriftens kap. 11.

?? Botnslam frå oljeutskiljarar, EAL kode 130503.

#### **Løye til å handtere desse avfallstypane gjeld fram til 1.01.07 då Fylkesmannen vil vurdere denne delen av løyvet på nytt.**

Desse typane farleg avfall vert bare tillete handsama/ deponera på særskilt avsett og avgrensa område på avfallsplassen. Farleg avfall skal ikkje blandast saman med øvrig avfall eller andre typar farleg avfall.

Det skal førast ei oversikt over typar og mengder farleg avfall som vert handsama/ deponera. Motteke farleg avfall skal vere deklarerert i samsvar med krava i avfallsforskriften kap.11.

#### Følgjande avgrensing og vilkår gjeld for handsaming/ deponering av desse avfallstypane:

Asbesthaldig avfall skal tømast i ferdig oppgravd grop og tildekkast umiddelbart. Ved tømning og tildekking skal det takast omsyn til at embalasjen ikkje vert punktera og at faren for seinare oppgraving vert minimal. Vedrørande øvrige krav til handtering og deponering av avfallet syner ein til "Forskrift om asbest", gjeven av Direktoratet for arbeidstilsynet. Ein gjer merksam på at eternittplater ikkje vert definert som farleg avfall, og at reglane i forskrift om asbest gjeld for eternittplater.

Brukt blåsesand; staden for deponeringa skal vere utforma slik at inntrenging eller gjennomstrømning av vatn vert minst mogeleg. Deponera blåsesand skal til einkvar tid vere

tildekka slik at støving ikkje skjer. Deponeringen skal skje slik at avfallet på eit seinare tidspunkt kan takast ut for alternativ handsaming.

Botnslam frå oljeutskillarar; handsaming og deponering skal skje i samsvar med "Håndbok i deponering av oljeholdig avfall", TA 586, frå SFT, bortsett frå at avfallet ikkje skal blandast med kommunalt avfall før kompostering. Slammet skal leggjast på ei minimum 20 cm djup bark- eller flisseng, og lagrast i 2 sommarmånadar før deponering. Jfr. vilkår pkt. 2.3. Slammet kan òg komposterast. Fylkesmannen gjer merksam på at det kan verte naudsynt å endre desse vilkåra med bakgrunn av nye retningslinjer for handsaming av avfall med lågt oljeinnhald.

### **3. TEKNISKE KRAV**

#### **3.1 AVFALLSKONTROLL**

##### **3.1.1 Mottak av avfall – kontroll**

Kontrollen med det avfallet som gjeng til deponering skal vere slik at ein er tilstrekkeleg sikker på at det ikkje gjeng avfallstypar til deponering som det ikkje er tillate å deponere.

Det vil seinare innførast konkrete kriterier for avfallmottak. Ny krav vil takast inn i løyvet straks dei er lagt fram frå ureingjeringsstyresmakta.

##### **3.1.2 Registrering**

Det skal førast register over mengder avfall. Alt avfall som vert motteke ved anlegget skal vegast og for avfallet som vert deponera skal ein registrere avfallets eigenskapar, opprinnelse, leveringsdato og innsamlarens identitet.

Alt avløpsslam og tilsatsmateriale som vert motteke og ferdig kompost som vert nytta som gjødselvara skal registrerast med vekt.

#### **3.2 DRIFTSTILTAK**

##### **3.2.1 Sortering**

Det skal etablerast og drivast anlegg for mottak, utsortering og mellomlagring av avfall som skal attvinnast eller av andre grunnar ikkje kan deponerast på avfallsplassen, jfr. vilkår 1.3, 1.4 og 1.5. Anlegget skal utstyrast med eigne containarar/ behaldarar for mellomlagring av dei avfallsfraksjonane som krev det. Mellomlagring av utsorterte avfallsfraksjonar vert tillate når dette ikkje fører til spesielle miljømessige eller hygieniske ulemper.

##### **3.2.2 Komprimering**

Avfallsplassen skal ha kompaktor for god komprimering av restavfall, slik at problem med flygeavfall, skadedyr og fare for sjølvtenning vert redusert. Restavfall bør komprimerast straks etter tømning eller seinast samme dag.

Oljehaldig avfall og slam skal ikkje komprimerast.

##### **3.2.3 Overdekking**

Deponert avfall skal overdekkast med eigna massar, slik at problem med flygeavfall og skadedyr vert redusert i mest mogleg grad. Avfallet skal leggast ut over eit så lite areal som praktisk mogeleg. Det aktive fyllingsarealet skal i storleik ikkje overstige 1,0 daa.

### 3.2.4 Informasjon

Ved innkjøringa til anlegget skal det vere informasjon om :

?? opningstider

?? avfallstypar som kan takast i mot for attvinning og deponering

?? rutiner for mottakskontroll av avfallet

## 4. SIKRINGSTILTAK

### 4.1 SIKRING MOT VASSFORUREINING

#### 4.1.1 Sigevatnreducerande tiltak

Fyllinga skal sikrast mot inntrenging av overvatn. Om naudsynt skal det gjerast tiltak for å hindre at framandvatn kjem i kontakt med avfallet, m.a. med avskjærande grøfter for å leie overvatn utanom fyllplassen. Nedbørfeltet til fyllinga skal i størst mogeleg grad avgrensast til det arealet som er opent for deponering. Avslutta fyllingsetapper skal vere tildekkka med masser for å redusere infiltrasjonen av nedbør i avfallet.

#### 4.1.2 Botntetting

Fylkesmannen har i brev 29.06.04 gitt fritak frå kravet om dobbel botntetting jfr. kap. 9 i avfallsforskriften. Langmoen avfallsdeponi kan såleis drivast vidare med den naturlege reinsinga som vert nytta i dag.

#### 4.1.3 Skjerming mot utslepp til grunnvassona under deponiet

Det skal ikkje førast anna forureina sigevatn frå andre delar av avfallsanlegget inn i grunnvassona under deponiet. Sigevatn frå eksisterande komposteringsanlegg for matavfall må leiast ut av grunnvassona for reining av sigevatn frå deponiet. **Frist for gjennomføring av tiltak for å føre sigevatn frå komposteringsanlegget ut av grunnvassona for deponiet vert satt til 1.01.07.**

#### 4.1.3 Kontroll- og overvakingssystemer i drifts- og etterdriftsfase

Det skal etablerast eit kontroll- og overvakingssystem ved deponiet slik som angitt i vedlegg III til kap. 9 i avfallsforskriften. Systemet skal fange opp alle dei elementer som er omhandla i vedlegg III. Systemet for overvaking av forureiningsspreiinga via grunnvatnet skal bygge på tidlegare overvaking og dei anbefalingar som er lagt fram i miljørisikovurderinga 13.03.04.

Programmet skal bygge på detaljert kjennskap til hydrologi, vasskjemi, grunnvassprofilen, grunnvatnet si strømnings, permeabiliteten til lausmassane, samt variasjonar over året. Programmet skal leggje særskilt vekt på rutiner for prøvetaking og oppbygging av prøvetakingsbrønner. Programmet skal utarbeidast av kompetent fagpersonell og vere i tråd med "Rettleiar om overvaking av sigevatn frå avfallsdeponi" TA-2077/2005 gitt av SFT.

**Eit fullverdig program for kontroll- og overvaking skal leggjast fram for Fylkesmannen innan 1.03.06 og iverksetjast seinast 1.06.06.**

## **4.2 SIKRING MOT GASSUTSLEPP OG LUKTULEMPER**

### **4.2.1 Deponigass**

Det skal etablerast og drivast eit anlegg for utdrenering av deponigass som dekkjer heile avfallsdeponiet. Dreneringsanlegget skal utvidast i takt med deponiet. Gassen frå deponiet skal anten brennast i open fakkell eller nyttast som energikjelde. Ein anbefalar at ein nyttigjer seg gassen til energiproduksjon.

Det skal gjennomførast tiltak for å hindre utlekking av gass frå deponiet

### **4.2.2 Lukt**

Det skal ikkje vere gassar frå fyllinga i så høge konsentrasjonar at det oppstår sjenerande lukt av betydning i nærområdet til avfallsanlegget. Drifta av anlegget skal organiserast slik at lukt spreinga frå anlegget vert minst mogleg.

## **4.3 SIKRING MOT ANDRE ULEMPER I NÆRMILJØET**

### **4.3.1 Tryggleik**

Avfallsanlegget skal vere inngjerda og haldast låst når anlegget ikkje er betjent.

### **4.3.2 Innsyn**

Avfallsanlegget skal være avskjerma slik at ein i størst mogleg grad unngår at anlegget verkar skjemmande i omgivingane.

### **4.3.3 Støy**

Støy frå drifta på avfallsanlegget skal ikkje overstige gjeldande retningslinjer for begrensning av støy frå industri m.v.

### **4.3.4 Flygeavfall**

I nærområda til fyllplassen skal det ikkje vere skjemmande avfall som følge av drifta ved anlegget. Det skal iverksetjast systematiske tiltak for å redusere problema med flygeavfall, bl.a. skal det aktive fyllingsarealet avgrensast så mykje som praktisk mogleg. **Nærområdet for avfallsanlegget skal ryddast for avfall minst ein gong pr. år.**

### **4.3.5 Fugl og skadedyr**

Det skal iverksetjast tiltak for å hindre skadedyr på avfallsanlegget, samt å redusere eventuell fugleplage for naboar og i nærmiljøet generelt. Det vert førebels ikkje sett krav om fuglenett eller liknande. Omfanget av eventuelle problem med ansamling av større mengder fugl skal registrerast. Dersom dette blir eit problem, kan Fylkesmannen sette vilkår om etablering av fuglenett eller liknande.



### 4.3.6 Støv

Drifta ved avfallsanlegget eller tilhøyrande trafikk utanfor offentleg veg skal ikkje gje støvulemper for naboane.

### 4.3.7 Beredskap ved uhell

Det skal være beredskap mot:

- ?? brann i avfallet
- ?? akutt forureining
- ?? levering av ulovleg avfall

## 5. KVALITETSSIKRING

### 5.1 PLANAR OG INSTRUKSAR

Avfallsanlegget sitt HMS-system skal gjera greie for prosedyrar ved vanleg drift og ved avvikssituasjonar, samt for avslutning og etterdrift av avfallsplassen. Systemet skal omfatte:

- 1) Driftsplan og driftsinstruks
- 2) Beredskapsplan
- 3) Avslutningsplan og etterdriftsplan

Plan for etterdrift og avslutning skal sendast eitt år før anlegget skal avsluttast. Ved endring av planane skal det sendast melding til Fylkesmannen.

#### 1. Driftsplan med instruksar, rutiner og prosessbeskrivingar skal bl.a. omfatte:

- a) Vilkår i dette løyvet, samt andre relevante vilkår fastsett i aktuelle lover, forskrifter og retningslinjer.
- b) Instruks for ansvarsfordeling.
- c) Instruksar, rutiner og prosessbeskrivingar for alle aktivitetar og anlegg knytta til avfallsanlegget.
- d) Instruks og rutiner for mottakskontroll av avfall.
- e) Instruksar og rutiner for drift av fyllplass og slamhandsamingsanlegg.
- f) Instruks for kontrollrutiner og miljøovervakingsprogram.
- g) Instruks for vedlikehaldsrutiner.
- h) Andre relevante forhold som ikkje er nemnd i løyvet.

Det skal førast driftsjournal for dei enkelte anlegga/ aktivitetane.

#### 2. Beredskapsplanen skal bl.a. omfatte følgjande situasjonar:

- a) Brann i fyllinga (bør utarbeidast i samarbeid med lokalt brannvesen).
- b) Tilførsel av avfall som ikkje vert tillete deponert.
- c) Akutte forureiningstilfeller og avvikshendingar som kan føre til ekstraordinær miljøbelastning frå fyllinga og/eller anna verksemd på avfallsanlegget.

#### 3. Avslutningsplanen skal omfatte plan for tekniske tiltak ved avslutning og lukking, samt plan for teknisk og økonomisk etterdrift i 30 år. I planen skal også inngå ei analyse av forventa problem knytta til etterdrifta.

### 5.2 DRIFTSKONTROLL VED SLAMHANDSAMINGSANLEGGET

For å overvake drifta ved slamhandsamingsanlegget skal det gjennomførast registreringar av:

Handsamingstid (aktiv handsaming og ettermodning)  
mengd tilsetningsmateriale  
omfang/hyppigheit av vending av massane.

### **5.3 KVALITETSSIKRING AV PRØVETAKING OG ANALYSE**

Alle prøver skal analyserast på akkreditert laboratorium.

## **6. FINANSIELL GARANTI**

Deponieigaren skal ha tilfredstillande finansiell garanti eller tilsvarende sikkerhet for å sikre at pliktene som fylgjer av dette løyvet herunder avslutnings- og etterdriftsprosedyren kan oppfylles

## **7. RAPPORTERING**

Den ansvarlege for drifta av deponiet skal gi melding til Fylkesmannen om einkvar skadeverknad på miljøet av noko omfang som vert oppdaga gjennom kontroll- og overvakingssystemet.

Det skal innan 1. mars sendast skriftleg rapport til Fylkesmannen for siste kalenderår. Rapporten skal vere ein årsoversikt, og gje ei vurdering/analyse av utviklinga innanfor følgjande tema:

1. Registrering av mengde og type avfall som vert motteke, attvunne og deponert, jfr. vilkår pkt. 3.1.2.
2. Resultat frå kontroll med avfallsleveransane, samt evt. oppfølging av kontrollane, jfr. vilkår pkt. 3.1.1 og 3.1.2.
3. Oversikt over handsama mengde slam. Resultat frå overvakinga av handsaminga, jfr. vilkår pkt. 5.2.
4. Samanstilling og vurdering av alle overvakingsdata jfr. vilkår pkt. 4.1.3.
5. Rapporterte avvik i høve til HMS-systemet, klagar frå naboar/ publikum over miljøproblem som følgje av drifta ved anlegget.
6. Analyse av tilhøvet mellom ambisjonsnivå i avfallsplanen for mengd avfall som vert utsortert/ attvunne og mengd avfall til deponi.
7. Resultata frå registrering av oppsamla og avbrent mengd deponigass.